



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Edvard Høgestøl, 55 57 20 45

Vår dato
17.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/7411 016
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland v/ordførar, byråd og rådmenn
Hordaland Fylkeskommune
Samarbeidsråda
KS
Regionale statsetatar

Statsetatane møter kommunane på Solstrand 2014 - Invitasjon

Det vert vist til tidligare informasjon og brev av i vår.

På vegne av dei regionale statsetatane inviterer Fylkesmannen i Hordaland ordførar, byråd, rådmenn, statsetatsleiarar og leiarar i KS og regionråd til samling på Solstrand Hotel & Bad 23. og 24. oktober d.å.

Vi ser fram til samlinga og gler oss til interessante og nyttige diskusjonar. Programmet vil bli sendt om ikkje lenge, og det vil neppe overraske nokon at kommunereforma vil få sin rettmessige plass. Men, også ut over denne er det mange interessante tema for stat og kommune.

Vi har tinga 80 rom som vert fordelte etter påmelding. Prisen er kr 2.320,- for einskildrom og kr 2.070,- pr person i dobbeltrom. Prisen inkluderer frukost, lunsj og trerettars middag, i tillegg til kaffe, tilgjenge til velværeavdelinga m.v. Ekstra lunsj (kr 405,-) kjem i tillegg. Den som ikkje skal ha lunsj både fyste og andre dag må altså spesifisere dette i påmeldinga.

For dei som ikkje vil ha overnatting er det mogleg med dagpakker à kr 612,- som inkluderer Seminar, lunsj og kaffipausar. Trerettars middag på kvelden kostar kr 490,-.

NB: Deltakarane gjer opp for seg direkte med hotellet (eller avtale direkte med hotellet om fakturering).

I tillegg kjem deltakaravgift på (max) kr 550,- som vert fakturert av Fylkesmannen i ettertid. Avgifta dekker ein del av kostnadane ved samlinga.

Vi starter programmet torsdag 23. oktober kl 12.00 med lunsj. Arrangementet vert så avslutta med lunsj fredag 24. oktober kl 12.30.

Påmelding vert å sende til fmhoeho@fylkesmannen.no innan **10. oktober 2014**.

Påmeldinga må innehalde:

Namn:

Stilling/verv:

Kommune/organisasjon:

Ressursnummer:

Overnatting:

Dagpakke (evnt. når):

Viss dagpakke: Middag?:

Anna:

Vi ser fram til eit hyggeleg og engasjerande møte med eit godt og fagleg interessant program, og hyggeleg samvær i tråd med dei gode tradisjonane for desse samlingane.

Med dette ynskjer vi alle vel møtt på Solstrand 23. og 24. oktober !

Med helsing

Lars Sponheim

Edvard Høgestøl
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.